

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 19.03.2020

Arkivk.: styret/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 05 I SKIKRINSSTYRET, 2019-2021
--

Stad: Teams-møte (web-møte)

Tidspunkt: Torsdag 19. mars 2020, kl. 20.00-22.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 61 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

ORIENTERINGSSAKER

SAK 62 19-21 Orientering om situasjonen i Norges Skiforbund

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 63 19-21 Kritiske oppgaver i skikrinsen framover

SAK 64 19-21 Drift av styret og komiteane

SAK 65 19-21 Vårmøte SFSK 2020

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Tor Arne Hov, Jan Inge Årdal og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 61 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 62 19-21 Orientering om situasjonen i Norges Skiforbund

Bakgrunn

Styreleiar og adm. orienterte om situasjonen i Norges Skiforbund.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 63 19-21

Kritiske oppgåver i skikrinsen framover

Bakgrunn

Adm. vart 18.03.2020 bedt om å sende inn skjema til arbeidsgivar med oversikt over oppgåver for adm.sjef. Skjema er lagt ved som eige vedlegg.

Styret drøfta saka i møtet.

Som tilleggsmelding til saka;

Status for markedsavtalar i Sogn og Fjordane Skikrins:

Verksemd	Grein	Går ut	Status
Fylkeskommunen	AU/Utedagen		Vidare samarbeidsavtale er uavklart.
AVIS Bilutleige	AU	2021	Avtale går til t.o.m. 30.06.2021.
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	2020	Avtale går til t.o.m. 2020. Reforhandling bør settast i gong.
Intersport Førde/ Erdal Sport AS	Langrenn	2021	Avtale går til 31.05.2021.
SFE	Hopp/ langrenn	2022	Avtale går til 30.04.2022.
COOP Nordvest SA	Alpint/ langrenn	2020	Avtale går til t.o.m. 2020.
Fjord1	Alpint	2021	Avtale går til t.o.m. 2021.
Sparebanken Vest	Alpint	2021	Avtale går til t.o.m. 2021.
Bilhuset Førde	Alpint	2021	Avtale går til 31.08.2021.
Intersport Sogndal	Alpint	2021	Avtale går til 01.06.2021.

Skikrinsstyret gjorde følgjande vedtak i møte nr. 01 19-21 om å setje i verk reforhandling av samarbeidsavtalar:

- 1) Sogn og Fjordane fylkeskommune, ansv.: Adm.
- 2) Sparebanken Sogn og Fjordane, ansv.: Adm. + LK

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtek om at følgjande kritiske oppgåver må følgjast opp:

- markedsavtalar
- vidarefakturering av kostnader
- avviking av planlagt aktivitet/reservasjonar med økonomisk binding

Vidare gjer Skikrinsstyret vedtak om at styreleiar tek kontakt med andre kretsleiarar for å sjå på konsekvensar ved permittering av adm.sjefar.

SAK 64 19-21

Drift av styret og komiteane

Bakgrunn

Med bakgrunn i situasjonen i Norges Skiforbund og situasjonen med koronaviruset, må ein sjå på korleis drift av styret og komiteane blir framover.

Styret drøfta saka i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at komitéleiarane tek kontakt med adm. omgåande for å sjå på kva oppgåver som må følgjast opp framover.

I tillegg held styret og komiteane opp nødvendig møteverksemd framover.

Det vert kalla inn til møte i Skikrinsstyret så snart arbeidssituasjonen til adm.sjef er avklart.

SAK 65 19-21

Vårmøte SFSK 2020

Bakgrunn

Skikrinsstyret gjorde vedtak i møte nr. 04 19-21 om at Vårmøtet 2020 skal avviklast måndag 4. mai ca. kl. 17.30-21.00 ved Thon Jølster Hotell, Skei.

Vidare gjorde ein vedtak om at ein på fellesdelen legg opp til tema basisanlegg, grunnarbeid i skianlegg, informasjon om spelemiddelsøknader.

Med bakgrunn i situasjonen med koronaviruset drøfta styret saka i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Vårmøtet 2020 ikkje vert avvikla med bakgrunn i usikkerheit med avvikling av fysiske møter framover.

Tema som var planlagt på Vårmøtet vert tatt opp igjen på Haustmøtet 2020.

Komiteane vurderer sjølv korleis dei skal få innspel frå klubbane etter sesongen 2019-2020.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Styreleiar

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef